



VESTNORSK
UTVANDRINGSSENTER

M U
H O

Årsmelding 2021



Innhold

Innleiing	2
Formidling	3
Utstilling	3
Besøk	3
Arrangement	4
Skule	6
Forvaltning	7
Forvaltning av bygg og anlegg	7
Samlingsforvaltning	7
Forsking og dokumentasjon/fagleg arbeid	8
Mangfald og inkludering	8
Dugnad og frivillig innsats	9
Fornyning	9
Økonomi	10
Personale	10

Innleiing

I koronaåret 2021 på Vestnorsk utvandringssenter har mykje skjedd, og mykje av det knytter seg til spydspissen migrasjon og mangfold. Det vart tilsett museumspedagog/formidlar i 50% stilling som skulle ha særleg fokus på dette. I tillegg er vi med i *Mangfoldsnettverket* i musea, som har fått tildelt midlar frå Kulturrådet til prosjektet *Samlingenes mange stemmer*, der vårt delprosjekt som vi skal jobbe med fram mot 2023 er *Nye stemmer, samme samling*.

Vi er også glade for å ha fått gjennomført ein god del arrangement og har hatt høgt aktivitetsnivå, sjølv om vi dessverre ikkje fekk så godt besøk som vi ønskte. Særleg opplevde vi svikt frå gruppebesøk.


I 2021 har hovudfokus når det gjeld bygningane vore på Emigrantkyrkja. Ho har vorte malt kvit og fin, og har dessutan fått nytt tak, ettersom det gjekk mot slutten av levetida på takshingelen som vart lagt nytt på kyrkja då ho i 1997 vart sett opp her i Norge.

Formidling

Utvandringscenteret er vanlegvis sesongstengt for vinteren, sjølv om vi til vanleg tek imot grupper, skuleklassar og har arrangement også i den mørke årstida. Det vart lite og ingenting av det første halvår i 2021, heldigvis betra det seg litt andre del av året.

Utstilling

Som vi har brukt å gjere dei siste åra, har vi hatt ei utstilling i Elizabeth Rådhus & Fængsel i sommarsesongen. Denne sommaren hadde vi fotograf og visuell forteljar Lars Idar Waage sin utstilling *Et døende Norge i et levende Amerika*. Eit vegkryss, ti hus og ei kyrkje. Slik begynte det store fotoprojektet i det bittelille stedet Stavanger, Illinois. Utstillinga viste mellom anna korleis kyrkja er kulturelt knutepunkt og ein plass der delar av den norske kulturen lever vidare. Utstillinga opna under Utvandringsfestivalen og vart hengande til ut i oktober, det var då kring 850 besøkande som fekk den med seg i løpet av sesongen.



Sosiale media og digital formidling

På grunn av koronapandemien har ein god del formidling vore lagd til sosiale media. Vi har posta jamt og trutt for å halde på dei som likar oss, og som følger oss på både www.facebook.com/utvandringscenteret/ og Instagram [@utvandringscenteret](https://www.instagram.com/utvandringscenteret/) og på MUHO sin eigne Facebookside. I samband med fleire av arrangementa har vi vist slidesfilmar med informasjon om tematikken knytt til arrangementet. Vi har også jobba målretta for å auke talet på dei som likar Utvandringscenteret og å auke rekkevidda på innlegga våre i løpet av koronaperioden.

Besøk

Besøkstalet i det andre koronaåret enda på 1936 besøkande, ei kraftig oppgang frå 2020, men likevel langt frå eit normalår.

2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
1936	829	3262	3731	2808	2863	2489	3154	2543	2932	3107

Også i 2021, som i 2020 hadde vi besøk berre av sju grupper, mot normalt over 30 grupper.

Vi hadde i 2021 ope i langt større grad enn året før, med sesongstart med søndagsope frå 9. mai til skuleferien, og deretter ope seks dagar i veka, frå tysdag til søndag, alle dagar same klokkeslett, frå 12-16 for at det skulle bli enklare å orientere til publikum og for å selje inn opningstidene i marknadsføring.

Dei fast tilsette har gått inn i rolla som vertskap for publikum denne koronasommaren, både handverkar, avdelingsleiar og museumspedagog. Sidan den nye stillinga som museumspedagog/formidlar berre var 50% valgte vi å auke opp den stillinga gjennom sommarsesongen framfor å ha ekstra sommarvert.

Det har vore høve til å bestille omvising for grupper etter avtale heile perioden smittesituasjonen har tillate, men svært få grupper og pensjonistar vågar seg ut, og det var først på hausten av det kom grupper på besøk. Eine gruppa hadde bestilt besøk i juni 2020, som vart utsett til hausten 2020, til sommaren 2021 før dei endeleg kom i november 2021. Dette fortel litt om situasjonen. Det var kring 7 grupper som kom, mot normalt over 30.

Arrangement

Vi klarte stort sett å gjennomføre alle planlagde arrangement, med unntak at ein avlyst utekino som var utsett frå jula før. Kring påsketider var det nok eit hopp i smittetrykket og auka restriksjonsnivå. Vi tilpassa nokre av dei i form av heilt digitalt, hybrid og fysisk tilrettelegging for eigenbesøk.

I 2021, som året før og etter nøye vurderingar både av retningslinjer, smitteomsyn, bemanningsomsyn og målgruppe landa vi på ein hybridløysing av Utvandringfestivalen 2020. Seminaret var skalert ned til foredrag og innleiing til utstillingsopning av *Et dødende Norge i et levende Amerika*, der fotograf og visuell forteljar Lars Idar Waage fortalte om sitt møte med restar av det norske og norskamerikanske i Midtvesten. Hans innlegg vart streama i tillegg til at det var høve for fysisk besøk. Vi ser at det en nær 800 visningar på videoen, og vi har nådd mykje lenger ut med dette enn om vi berre hadde fysisk seminar.

Monumentsseremonien vart også ein hybrid. I tillegg til å streame seansen fekk vi i etterkant tilgang på den flotte talen til hovudtalaren Christel Villanger Håland, som vi fekk laga ein [artikkel av på nettsidene våre](#).

Vi såg dessverre ikkje høve til å gjennomføre festkveld dette året heller, men *Familiedag på Prærien* fekk vi til, noko både vi og publikum satte stor pris på.

Utvandringssenterets venner fekk, saman med soknet, i stand den tradisjonelle Festgudstenesta under Utvandringfestivalen, då brukar ikkje museet å vere medarrangør. Kyrkjene opna for gudsteneste med gjeldande smittevernreglar.



Johnny var med å flytte kyrkja, og er no medlem i styret i Venneforeninga og stiller til dugnad ved arrangement

Arrangement gjennom året:

27. mars	Utekino, avlyst og utsett frå før jul 202, måtte avlysast også i mars.
9. mai	Sesongstart
11. juni	Konsert Myosotis – svært få billetter solgt

2. -4. juli,	Utvandringsfestivalen 2021 -
2. juli	• Fredagskveld i Saloonen - ok besøk
3. juli	• Utstillingsåpning «Et døende Norge - i et levende Amerika»
3. juli	• Monumentsseremoni hybrid, stream og fysisk
4. juli	• Festgudsteneste + Kirkekafe i Emigranten og åpent for omvisninger
4. juli	• Familiedag <i>Livet på Prærien</i> - bra besøk
15. august	Reisen mot Vest - <i>En musikalsk reise til Amerika</i> - svært få billetter solgt
12. september	<i>Livet på Prærien</i> Familiedag 12. september - Kulturminnedagen - bra besøk
30. september	<i>RIT - ny musikk til Olav H. Hauge dikt</i> Nynorskdagane - svær få billetter solgt
1. oktober	Eldrekafe i høve Eldredagen - ingen kom
27. oktober	Ullveka handverkskveld - bra billettsal, men i utgangspunktet liten gruppe
31. oktober	<i>Halloween</i> - svært bra besøk
28. november	<i>Utekinno og lystenning</i> - svært bra besøk
Heile desember	<i>Jul på Prærien</i> sesongvisning - julepynt i vindauga, digital quiz og digital utstilling med julekort - eigenoppleveling
8. desember	<i>Jul på Prærien</i> - førjulskveld - ingen kom
18. desember	<i>Migrasjonsdagen</i> - forteljingar om migrasjon (Memoar, på Bergen off. bibliotek) - Streama



Arrangement gjennom året



Vi fekk gjennomført mange arrangement i tillegg til Utvandringfestivalen. Det var sær varierende publikumstal, frå to arrangement der ingen kom, nokre der det var berre få solgte billetter, til familiearrangementa som hadde til dels sær godt besøk til å vere i koronatider. Sjølv om det då var færre besøkande enn i eit normalår, fekk vi gode tilbakemeldingar.

Jul på Prærien vart dette året dobbelt, både sesonghending i førjulstida, og dessutan som *Førjulskveld på Prærien*. tillegg til å lyssette Prærielandsbyen, slik det har vorte tradisjon for, laga julestemning i bygningane med pynt og informasjon i vindauga, slik at folk kunne ta turen og få god stemning. Vi inviterte til brukarmedvirking på sosiale med liten premie, vi inviterte til å dele minner og skape minner. Vi ønskte å gje eit tilbod til folk som vil besøke oss også fysisk, og vi ønskte å vere synleg og til stades.

Skule

Vi tilbyr omvising både til barneskulen og ungdomsskulen med aktivitetar og tema, og kan tilpasse tema for vidaregåande skuler. Den nye formidlaren har jobba med å fornye dette tilbodet.

Gledeleg i 2021, er at vi fekk fleire vidaregåande skuleklassar på besøk enn vanleg, alle skuleklassane som kom var frå vidaregåande, både av byggfag og samfunns- og historiefag på vidaregåande, frå Austrheim og Knarvik VGS.

Det var då leit at det ikkje var nokon skulebesøk frå grunnskulen, sjølv ikkje frå dei lokale som brukar komme til oss. Vi håpar dette betrar seg når vi no frå og med skuleåret 21/22. I perioden fram til 2024 er med i Alver kommune sin Kulturelle skulesekk med tilbod om fast besøk av 5. trinn for dei fem skulane i gamle Radøy kommune, i kategorien Kulturarv.

På grunn av koronaen fekk kommunane tildel midlar til utvida sommarskuletilbod, der forutsetninga var

at det skulle tilbys aktivitetar for ei heil veke. Saman med Lyngheisenteret fekk Utvandringssenteret tilskot til å gjennomføre dette, med 4 dagar på Lygra og 1 dag på Sletta. Vi søkte om fire veker, fekk for to veker, men Alver kommune valgte å avlyse og omrokkere born slik at vi berre fekk gjennomført ei veke. Heldigvis vart ikkje tilskotet vårt avkorta. Det var ein særst varm og fin sommardag mange glade born kom til oss på Sletta.



Anna relevant innan formidling

Unge jenter på eventyr i Amerika på 60-talet, ein gründer fra Liberia, ein sosiolog frå Ghana og ein tamilsk dansar frå Fyllingsdalen. Med dette kjekke forteljarpanelet markerte Vestnorsk utvandringssenter og *Memoar - norsk organisasjon for munnleg historie* den internasjonale migrasjonsdagen 18. desember på Bergen offentlege bibliotek. Det var då ein periode med mykje restriksjonar, men heile samtalen var streama, delt og tatt var på for ettertida. Dette var også eit godt høve til å stifte nye bekjentskap og nye nettverk som kan vere nyttige og fruktbare for framtidig arbeid og formidling.

Forvaltning

Forvaltning av bygg og anlegg

I 2021 har hovudfokus vore på Emigrantkyrkja. Ho har vorte malt kvit og fin, og har dessutan fått nytt tak, ettersom det gjekk mot slutten av levetida på takshingelen som vart lagt nytt på kyrkja då ho i 1997 vart sett opp her i Norge.

Kulturhistoriske bygningar

Emigrantkyrkja og bygningane i Prærielandsbyen er lagt inn i Primus og på Digitalt Museum, også med tilstandstatus. Det er også som vanleg gjort forefallande vedlikehaldsarbeid på heile anlegget.

Nybygg

Heller ikkje i dette koronaåret har vi kome i gang med prosjekt nybygg på Utvandringssenteret. I strategiplanen for MUHO er det sett opp planar for eit forprosjekt som skal ta oss vidare fram mot realisering. Det vart imidlertid klargjort for presentasjon og takast vidare i eigarstyret til bygningane og anlegget på Sletta, men vi har ikke vorte




kalt inn til verken styremøte eller årsmøte i eigarstiftinga i 2021. Det nye styret med ny styreleiar Bjarte Ystebø har visstnok hatt nokre få digitale styremøter, utan an vi har fått nokon vidare informasjon om det.

Samlingsforvaltning

I vår hadde vi eit ReOrg prosjekt i Mellombels magasin på Kveldheim. Alle gjenstandane er pakka og merka, og heile magasinet har fått nye reolar og system som skal gjere det lettare å ta samlinga vidare frå tilvekst til registrering og digitalisering, evt avhending. Samlingane er primært innsamla

av dei frivillige i perioden før 2010, og det har vist seg å for ein stor grad vere sett saman av kopiar av bilete og materiale, og ikkje originalar. Vi ønsker å skilje dette i informasjonsverdig samling, og reell museumsverdig samling av originalar. Etter denne reoganiseringa vil det verte mykje mindre å føre i Primus og tilgjengeleggjere. Materialet som vert tatt ut av samlinga kan takast vare på for informasjon, men treng ikkje så omfattande sikring og bevaringstilhøve som originalar, då originalmaterialet til dette for ein stor grad vil vere tatt vare på i andre samlingar.

ReOrg i magasin på Kveldheim



Det har vore møte med Sjømannskirka som Utvandringssenteret har ein del gjenstandar kytt til. Dei har sitt eige museum, og ønskjer å overta gjenstandar dersom Utvandringssenteret ikkje ser det passar saman med si samling. Her er det ein del formaliteter som må på plass, og dette må sjåast i samheng med Samlingsplan som skal utarbeidast.

Det var gjort eit vidare arbeid med å få scanna, og få oversikt over innhald i brevsamlinga som vi fekk hausten 2020. Saman med Bevaringstenestene starta vi også å få oversikt over korleis brevas skulle systemiserast og pakkast forsvarleg. Ein person utplassert frå NAV starta opp dette arbeidet, men det vart ikkje ferdig.

Forskning og dokumentasjon/fagleg arbeid

Brevsamlinga frå tilveksten i 2020 er for ei stor del skrive ut slik at vi har oversikt over innhald og tema. Dette dokumentasjonsarbeidet gjer det lettare å kunne ta fatt i ved eit seinare høve.

Vi har har vore med i arbeidsgruppa som var med å utvikle Escape box, med vekt på berekraft, på naturlege og kunstige tekstilar og materiale. Dette har vore eit spennande oppgåve med skuleopplegg til bruk i fire av avdelingane i MUHO.

Mangfald og inkludering

Vi har gjort eit viktig grep innan for dette feltet, når det gjeld oppretting av ny, fast 50% stilling som museumspedagog/formidlar som skal ha særskilt ansvar for migrasjon og mangfald. Dette vil virke inn på alle områder vi jobbar med, og i endå større grad styrke spydspissen migrasjon og mangfald, ikkje berre på Utvandringssenteret, men i heile MUHO.

Avdelingsleiar har vore prosjektleiar for ei arbeidsgruppe som har jobba med Mangfaldsplakaten som vart utarbeida for MUHO, der det vert lagt vekt på mangfald i alle ledd, frå personell, programmering, publikum og til samlinga.

Vi jobba også fram ein søknad til Kulturrådet, saman med Mangfaldsnettverket for museum, og søknaden fekk prosjektet *Samlingenes mange stemmer*, tilsagn om 3,7 millioner til prosjektet som har kring 20 partnarar. Utvandringssenteret er del med prosjekt vårt Nye stemmer, samme samling. På grunn av at vi seint fekk vite om prosjektet fekk tilsagn, er heile prosjektet forsinka, og har fått utsett oppstart på nyåret 2022.

Heit på tampen av 2021 fekk vi eit tildeling av Museumsforbundet av restmidlar frå prosjektet Inkluderande museum. Vårt prosjekt er *Reisekista – vi reiser i tid og rom*, todelt med minnekiste for



demente, og pop up utstilling/utstyr for bruk på andre arenaer enn våre eigen, til dømes bibliotek, skular og anna. Med dette prosjektet vil vi også kunne inkludere fleire grupper publikum og nå ut til fleire, både på eigen arena og eksterne arenaer.

Samarbeidet med *Memoar* om den internasjonale Migrasjonsdagen var med å opprette nettverk som vi kan arbeide vidare med.

Arrangementet *Livet på Prærien* var også del av *Kulturminnedagene*, og tema var dialog. Vi inviterte difor med oss mellom anna Internasjonal kafe, og hadde med oss ei gruppe derfrå som hadde med seg mat frå ulike land, og som der fekk formidla og fortalt litt om sin eigen kultur. Dette er også nettverk vi vil bygge vidare på.

Dugnad og frivillig innsats

Utvandringscenterets venneforening er ei gruppe som fortener heider. Dei har eit aktivt styre som held jamnlege møter, og som bidreg med planlegging først og fremst knytt til Utvandringsfestivalen. Den offisielle venneforeninga har eit litt synkende medlemstal, og består framleis av ei gruppe av dei som har vore med og støtta Utvandringscenteret lenge. Styret i venneforeninga er etter kvart frå ein litt yngre generasjon som støtter oss aktivt. Ein viktig innsats er også å kontakte og organisere dugnadsinnsats ved arrangement, og dessutan til ein viss grad ved vedlikehald, som hjelp ved maling av kyrkja.



Nokre av desse er mellom dei som har vore med lenge, men fleire er også lokale kvinner og menn som ikkje har vore med på flyttinga og heile den første tida. Styret i venneforeninga jobbar aktivt for å rekruttere nettopp denne yngre generasjonen av vaksne, som er ei livsfase som gjer at dei har litt tid til overs, og som ønskjer å bidra, men som samtidig har travle dagar med arbeid og logistikk. I tillegg forsøker ein å trekke inn ungdom, slik at dei kan få eit eigarskap til Utvandringscenteret, og få meir kjennskap til kva vi driv med. Vi ser dermed at dugnadshjelp er i eit skifte frå pensjonistar til yngre krefter i fleire generasjonar. Dette er både inspirerende og utfordrande, men også særskilt viktig å ta med seg, og legge til rette for.

Utan desse frivillige kreftene hadde det vore vanskeleg å gjennomføre det høge talet arrangement som vi gjer på Utvandringscenteret, ikkje minst i koronatider, der vi treng ekstra mange til å syte for trygge tilstellingar. Vi er takksame for hjelp med både smittesporing, kafevaktar og ved aktivitetar.

Fornyning

Den største fornyinga på Vestnorsk utvandringscenter er at vi endeleg har fått etablert ein ny, fast fagstilling, riktig nok berre 50% inntil vidare. Stillinga som formidlar/museumspeagog knytter seg særleg til spydspissen migrasjon og mangfald, og styrkar og fornyar på den måten både Utvandringscenteret spesielt, og MUHO generelt på dette området. I tillegg styrkar det også Utvandringscenteret på alle måtar, med ressursar og tid til formidling og fagleg arbeid.

Felles ressursbruk i MUHO

Avdelingsleiar har vore med i arbeidsgruppa som var med å utvikle Escape box, med vekt på berekraft, på naturlege og kunstige tekstilar og materiale. Dette har vore eit spennande oppgåve med skuleopplegg til bruk i fire av avdelingane i MUHO. Avdelingsleiar vore prosjektleiar for utarbeiding av Mangfaldsplakaten til MUHO. Formidlaren har vore med i Formidlingsgruppa, ho var også utlånt/leigt til å koordinere og vere med å gjennomføre Sommarskolen ved Tekstilindustrimuseet og i samarbeid med Hordamuseet, Bymuseet. Handverkaren er med i Bygningsnettverket, både i MUHO og vore med på seminar i det nasjonale nettverket. Vi har også deltatt i strategiarbeid og leiargruppa.